



## SANDE KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet  
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 09.09.2020  
Tid: 08.15 – 11.05

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Elisabeth Kirkholm	Leiar	H
Silje Ekroll Riborg	Nestleiar	Sp
Hilde Iren Sætre	Medlem	H
Torbjørn Rekdal	Medlem	Frp
Kenneth Rusten	Medlem	TvP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

---

Varamedlemmar som møtte:

Namn

---

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Olav Myklebust	Ordførar. Innleiingsvis.
Anders Norvald Hammer	Kommunedirektør. Innleiingsvis.

Før møtet starta presenterte kontrollutvalet, Revisjonen og Vest kontroll seg for den nye kommunedirektøren, samt at han presenterte seg.

## **SAKLISTE**

- SAK 31/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
- SAK 32/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 33/20 MELDINGAR
- SAK 34/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 35/20 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP/ANBODSPROSESS
- SAK 36/20 TERTIALRAPPORT SANDE KOMMUNE 1. TERTIAL 2020
- SAK 37/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING
- SAK 38/20 ETTERLEVELSESKONTROLL
- SAK 39/20 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 40/20 MØTESTART KONTROLLUTVALSMØTA
- SAK 41/20 PRIVAT BRUK AV KOMMUNAL EIGEDOM

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	033	01.07.2020	09.09.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent med tilleggssak om møtestart for kontrollutvalsmøta, samt at sak om privat bruk av kommunal eigedom vert sett på saklista for vurdering om utvalet skal sjå nærare på bestemt sak.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	049	01.07.2020	09.09.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.06.2020.

### Vedlegg

1. Møteprotokollen frå møtet 24.06.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/20	033&17	28.09.2020	09.09.2020	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
2. Dokument frå Sande kommune, av 01.07.2020. «Melding om vedtak – Plan for forvaltningsrevisjon».
3. Dokument frå Sande kommune, av 11.11.2019. «Melding om vedtak - Selskapskontroll SSR».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/20	033&58	01.09.2020	09.09.2020	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet etterlyser protokollen til formannskapet 10.03 på kommunen si heimeside.
2. Kontrollutvalet har elles, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet få ei juridisk vurdering av habiliteten i formannskapet for kona/sambuar til teknisk sjef når han framstår som saksbehandlar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.sande-mr.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=51&>

### Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	19.05			
Arbeidsgruppe for miljøtiltak i jordbruket:		<b>25.06</b>		
Eldrerådet:	11.05			
Evalueringsgruppe Skulestruktur:	10.02			
Formannskapet:	09.06	<b>30.06</b>	<b>14.07</b>	<b>17.07</b>
Helse- og oppvekstutvalet:	03.06	<b>24.08</b>		
Kommunestyret:	26.05	<b>16.06</b>	<b>30.06</b>	
Næring-, teknisk- og miljøutvalet:	03.06	<b>26.08</b>		
Råd for likestilling av funksjonshemma:	02.06	<b>24.08</b>		
Ungdomsrådet:	02.06	<b>24.08</b>		
SSR IKS – styret	05.05			
SSR IKS – representantskapet		<b>14.05</b>		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/20	217	12.08.2020	02.09.2020	KS

## PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP/ANBODSPROSESS

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt innkjøp/ anbudsprosess i samsvar med prosjektplanen.

### Vedlegg

Prosjektplan – innkjøp/ anbudsprosess. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

## Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 29/20 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøp/ anbudsprosess.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:

1. Fylgjer kommunen regelverk vedk offentlege innkjøp.
2. Vurdere om kommunen nyttar gjeldande rammeavtaler.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/20	212	28.08.2020	09.09.2020	JSa

## TERTIALRAPPORT SANDE KOMMUNE 1. TERTIAL 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 72/20 – Terialrapport økonomi 1. tertial 2020 til vitande.

### Vedlegg

1. Saksframlegg tertialrapport 1. tertial 2020 til
  - a. Formannskapet sak 100/20 9.6.2020 og
  - b. Kommunestyret sak 72/20 16.06.2020
2. Terialrapport økonomi 1. tertial 2020
3. Sjukefråvær 1. tertial 2020
4. Stillingsoversikt januar-april 2020

### Saksopplysning:

1. Kommunaldirektør er bedd om å foreta naudsynte grep for å betre likviditet og økonomistyring utover i 2020.
2. Terialrapporten dannar saman med årsrekneskapen for 2019 og føringar i revidert nasjonalbudsjett grunnlaget for revidert budsjett for 2020.
3. Også Sande Kommune har store ekstrakostnadar vedkommande korona og får ca. 2,6 mill i kompensasjon frå staten.
4. Kommunen har eit samla netto meirforbruk i forhold til periodisert budsjett på **ca. 9 mill.**
5. Av dette utgjer:
  - a. Helse og omsorgssekoren sitt meirforbruk på **9,2 mill**, side 8 vedlegg 2
  - b. Politisk administrasjon « « « **2,0 mill** « «
  - c. Teknisk sektor og landbruk har eit mindreforbruk **1,8 mill** « «
6. Avviket på lønn utgjer 3 mill lønn, sjå side 9 i vedlegg 2.
7. Sjukefråværet var på 12,6% i 1. tertial inkl. eigenmeldingar. Målet var maks 8 %.
8. Avkastninga av aktivaplasseringar er pr. 30.04.20 negativ med kr 742 000.
9. Også likviditeten har vore på minus-sida det meste av tida og blir løpande overvåka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/20	217	28.08.2020	09.09.2020	JS

## SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 58/19 Selskapskontroll av SSR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføreren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

### Vedlegg

1. Tilbakemeldinga frå SSR IKS AV 20.12.2019
2. Representantskapsbehandlinga av rekneskap og årsmelding
3. Årsrapport 2019
4. Frå saka i kommunestyret (58/19) og saka i kontrollutvalet (26/19)

### Saksopplysningar

Kommunestyret behandla saka Selskapskontroll av SSR IKS i sak 58/19 og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp – innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitande.
2. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemmar har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga av selskapet.
3. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sin representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.
4. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende. Kontrollutvalet har likevel høve å kome tilbake til saka.

### Vurdering

Ut frå det som kjem fram i saksdokumenta frå SSR IKS, jf. vedlegga 1, 2 og 3 kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekome det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen, jf. sak 128/19. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, få i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføreren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er/vert følgt opp.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/20	216	27.08.2020	09.09.2020	JSa

## ETTERLEVELSESKONTROLL

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin etterlevelseskontroll datert 30.06.2020 til vitende.

### Vedlegg

Etterlevelseskontroll av 30.06.2020 utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

### Saksopplysningar

- Ny kommunelov stiller i § 24.9 krav til revisjonen om å utføre forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga. Dette lovkravet er nytt.
- Revisjonen skal sjå til at kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar med bestemmelsar og vedtak.
- Område som skal veljast ut for kontroll er basert på revisor sitt skjønn og risiko- og vesentleghetsvurdering.
- Det er kontrollert om lønsutgifter, som etter Kostra-retteiar skal rapporterast på Kostrafunksjon 120 - administrasjon, vert registrert og rapportert i samsvar med denne. Kontrollen er avgrensa til å gjelde fast løn registrert på lønsart 1100.
- Kontrollen er utført for rekneskapsåret 2019.
- I rapporten blir det konkludert slik:
  - Administrasjonskostnadane er reduserte i perioden 2016-2019.
  - Sande kommune ligg lavt når det gjeld driftskostnader til administrasjon pr årsverk, samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.
  - Administrasjonskostnadar pr. innbyggjar ligg derimot høgt.
  - Når det gjeld gjennomsnittleg løn til administrasjonen er Sande blant dei kommunane i området som ligg høgst pr. november 2019.
- Sjå forøvrig revisjonen sin rapport.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/20	033	28.08.2020	09.09.2020	KS

## UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Silje Ekroll Riborg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/20	033	09.09.2020	09.09.2020	KU

## MØTESTART KONTROLLUTVALSMØTA

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtek at møta i kontrollutvalet skal starte kl. 09.30.

### I møtet

Saka teken opp av leiaren

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/20	047	08.09.2020	09.09.2020	JS

## PRIVAT BRUK AV KOMMUNAL EIGEDOM

### Vedtak mot ei stemme

Kontrollutvalet finn å ville sjå nærare på m.a. saksbehandling og tilhøvet til gjeldande reglar vedtatt av kommunestyret når det gjeld vedtak om avtale om bruk av Sandsøy skule til private føremål.

### I møte

Fire av medlemmane meinte at ein skulle sjå nærare på saka.

Torbjørn Rekdal meinte saka var forsvarleg utgreidd og stemde mot.

### Vedlegg

- Reglar for utleige / utlån av barnehage- og skulebygg i Sande kommune, jfr. sak K-30/08.
- Kopi av brev av 23.08.2020 frå Bjørn Våge til Næring, teknisk og miljøutval
- Notat (udatert) frå Bjørn Våge: «Angående Sandsøy skule – utleige av klasserom»

### Saksopplysningar

Næring, teknisk og miljøutvalet godkjende den 26.08.2020, sak 52/20, mot ei røyst, at kommunen kunne inngå avtale med Karin Flatøy Svarstad om ca. eit års bruk av kommunale lokale / klasserom på Sandsøya oppvekstsenter. Føremålet er kunst/kultursenter på Voksa.

Behandling og vedtak skjedde trass i at fungerande kommunedirektør i møtet, under drøfting av innkallinga og saklista (saksnr. 44/20), bad om at saka vart trekt frå saklista p.g.a. ufullstendig saksutgreiing.

Saksutgreiinga som låg føre bygde på at skulen på Sandsøya er vedtatt nedlagd frå hausten 2020 og at kommunen difor burde kunne inngå avtale om disponering av 2 stk. klasserom fram til august 2021.

Bjørn Våge sende den 23.08.2020 brev til Næring, teknisk og miljøutvalet med kritikk av saksbehandlinga på bakgrunn av at Vestlandsnytt den 14.08.2020 hadde omtala den innkomne søknaden. Våge syntte til den tidlegare negative prosessen med skulenedlegginga og meinte at innbyggerane burde ha vore høyrde og at ein må ta eit overordna omsyn til barnehagen. Situasjonen med pandemi vart nemnd og likeeins spørsmålet om vederlag og spørsmål om dette var lagt opp til å vere ei hastesak.



Sande kommunestyre vedtok den 29.04.2008 (sak K-30/08) reglar for m.a. skulebygg i Sande kommune.

Dette regelverket ser ikkje ut til å ha vore framlagt eller vurdert i saka.

### **Førebels vurdering**

Saka vert å legge fram for kontrollutvalet med spørsmål om saka skal prioriterast for utgreiing og behandling i eit seinare møte.

Det som kjem fram i saksdokumenta gjer at det kan røysast spørsmål om saksbehandlinga har vore forsvarleg. I denne samanhengen kan det vere aktuelt å sjå på forvaltningsorganet si utgreiings- og informasjonsplikt, jfr. m.a. forvaltningslova § 17 som krev at ei sak skal opplysast så godt som muleg før avgjerd vert teken. I dette tilfelle har fungerande kommunedirektør sjølv gitt uttrykk for at den utsende saksbehandlinga ikkje er tilfredsstillande, noko som for øvrig må seiast å vere uvanleg.

Det kan difor også vere grunn til å minne om forvaltningslova § 41 som kan medføre at vedtaket ikkje er gyldig, dersom «det er grunn til å regne med at feilen» har hatt avgjerande verknad på innhaldet i vedtaket..

Det er til vanleg ei naturleg oppgåve for kontrollutvalet og sjå til at kommunestyret sine vedtak vert etterlevd, for eksempel av andre organ i kommunen.

**Møtet slutt.**

ELISABETH KIRKHOLM  
Leiar

SILJE EKROLL RIBORG  
Medlem

**Utskrift til:**

**Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Kommunedirektør – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.